

Høgskulen i Volda

Pandemiplan

Godkjent 26.04.2019

1. Pandemi

Pandemiplanen er utarbeida i tråd med gjeldande prinsipp for arbeidet med samfunnssikkerheit og beredskap. Ved revidering av pandemiplanen har høgskulen tilpassa seg problemstilling som er gitt i rettleiingar utarbeidd av Direktorat for samfunnssikkerhet og beredskap (DBS), Analyse av krisescenario 2019 og Nasjonal Beredskapsplan for pandemisk influensa 2014.

Pandemi er eit scenario som i Nasjonalt risikobilete er vurdert til å ha høg sannsynlegheit og store samfunnsmessige konsekvensar. Den nasjonale beredskapsplanen for pandemisk influensa slår fast at alle departement og sektorar må planlegge for å forebygge smittespreiing og oppretthalde viktige samfunnsfunksjonar ved ein pandemi. Det er tilrådd å ta utgangspunkt i eit planleggingsscenario som beskriv ein moderat til alvorleg pandemi, med forbehold om at ein pandemi kan bli både mindre eller meir alvorleg.

Pandemiplanen skal kunne handtere at:

- 50% av befolkninga blir smitta
- Halvparten av dei smitta blir sjuke (25% av befolkninga)

Ein pandemi er eit sjukdomsutbrot som rammar svært mange menneske og spreier seg over store deler av verda. Det er verdens helseorganisasjon som avgjer når eit sjukdomsutbrot kan regnast for å vere ein pandemi (DSB).

Mogeleg scenario:

- Pandemien blir registrert i Noreg, når toppen etter seks veker og varer i fire månadar.
- 25% av befolkninga blir smitta og sjukdommen vare om lag 10 dagar
- 20% av dei sjuke oppsøker lege, og 3% må leggest inn på sjukehus

Eit pandemiutbrot vil medføre høgt sjukefråvær, og i tillegg vil mange måtte vere heime for å ta seg av sjuke familiemedlemmer.

Det er verdt å merke seg at dette er eit planleggingsscenario og ikkje ein omtale av korleis det verkeleg blir ved eit pandemiutbrot.

Ved HVO er det om lag 350 tilsette og 4000 studentar. Et arbeidsfråvær på opptil 25 % vil føre til at om lag 90 tilsette blir vekke frå arbeid i inntil 10 dagar grunna eigen sjukdom, fleire blir vekke grunna sjukdom i familien, og opptil 1000 sjuke blant studentane.

Dersom mange tilsette og studentar blir sjuke kan HVO vurdere å stenge, for ein kortare periode.

Det er høgskuledirektør som bestemmer om kriseleiinga skal setje stab og setje i verk tiltak., jf. tiltakskort 3: Pandemi og smitte.

2. Sårbarheit og kritiske funksjonar

Ved høgt personellfråvær vil delar av undervisninga/rettleiing, praksis og gjennomføring av eksamen kunne falle bort. Fråværet vil også gjelde studentane.

Eit stort tal smitta og sjuke vil kunne gjere det nødvendig å avlyse møte- og undervisning grunna smittefare. Nettbaserte arbeids- og undervisningsformer bør vurderast. Dersom situasjon varer ut over 3-4 veker kan konsekvensen vere at studia blir forsinka i minst eitt semester.

Høgskulen er sårbar når det gjeld IT-system, studieadministrative oppgåver, forvaltning, løn, rekneskap, drift av bygningar, og personalforvaltningsmessige oppgåver.

Følgjande tenester i prioritert rekkefølge bør oppretthaldast:

1. Gjennomføring av avsluttande eksamen
2. Gjennomføring av opptak
3. Gjennomføring av eksamenar som ikkje er avsluttande
4. Lønnsutbetaling
5. Undervisning
6. Oppretthalde fagleg verksemd som forskning

For å oppretthalde studieadministrative funksjonar, løn, rekneskap, samt personalfunksjonar er HVO avhengig av at digitale eksamenssystem, felles studentsystem(FS), Agresso, SAP og public360 fungerer. Dette er system som heile UH-sektoren nyttar og det er forventa at leverandørane har eigen plan i høve til leveranse i samband med eit pandemisk utbrot.

2.1. Drift av bygningar og anlegg

For å oppretthalde drift av bygningar og anlegg er HVO avhengig av eit nært samarbeid med Statsbygg og Volda kommune. Drift av bygningar og anlegg er til ein viss grad personavhengig ved HVO, noko kan ordnast via telefon / Scype , men t.d. ved drift av ventilasjonsanlegg og brannvern må personell vere på staden.

2.2. IT

Bemanninga på IT vil ved høgt fråvær vere ekstremt sårbare ved eventuelt andre uventa hendingar. IT-support vil kunne oppretthaldast pr. telefon og fjernstyring der medarbeidarar ikkje kan vere på arbeid grunna smittefare, men er friske nok til å arbeide. Førsetnad er at straum, kjøling og nettverk/servere er intakt.

2.3. Studieadministrasjon

For å gjennomføre eksamen må studieadministrasjonen vere forsvarleg bemanna. Plan for nødvendig bemanning blir laga i studieadministrasjonen. Dersom studieverksemda skal oppretthaldast på eit minimumsnivå må IT-systema fungere.

2.4. Løn, rekneskap og dokumentforvaltning

Innafor rekneskap og løn må minimum to personar vere til stades for å godkjenne utbetalingar. Avdelingane må sikre at alle vesentlege oppgåver kan utførast av minimum to personar, både gjennom gode rutinebeskrivingar og opplæring.

Avdelingane er avhengig av IT-system fungerer. Systema er drifta utanom HVO, men linje/kontakt inn til HVO og straumtilførsel må vere i orden.

Personal- og dokumentforvaltninga skal ha rutine som sikrar at all informasjon som kjem til postmottak blir vidareformidla, ved behov kan dette betenast via fjerntilgang.